



Austrheim  
KOMMUNE

# 4 helgestillingar som helsefagarbeidar/assistent - deltid

Søk på stillinga ↗

Austrheim kommune

Vil du vere ein del av eit tverrfagleg team - der kvalitet og fagutvikling vert prioritert? Vi er no på jakt etter fire dyktige helsefagarbeidrar/assistentar som ønskjer helgestilling hjå oss. Dette arbeidet inneberer arbeid kvar 3. eller 4. helg på dag/kveld, og vi oppmodar både erfarte og uerfarne å søkje.

Nordliheimen er ein kommunal sjukeheim med 28 døgnplassar fordelt på langtids- og korttidsplassar, med ei skjerma eining og rom til ØHD. Her finn du ein gjevande arbeidsplass med faglege utfordringar i eit godt læringsmiljø. Det tverrfaglege samarbeidet er godt forankra som eit ledd i helse- og omsorgstenesta sitt arbeid med kvalitetsforbetring.

**Dersom dette høyres interessant ut ber vi deg om å søkje no! Oppstart snarast mogeleg.**

Søknadsfrist:	<b>12.09.2023</b>	Stillingar:	<b>4</b>
Arbeidsgivar:	<b>Austrheim kommune</b>	Heiltid / Deltid:	<b>Deltid</b>
Stad:	<b>AUSTRHEIM</b>	Tilsetjingsfor...	<b>Fast</b>
Stillingstittel:	<b>Helsefagarbeidar/assistent</b>	Stillingsprose...	<b>22,54</b>
Webcruiter-ID:	<b>4701076378</b>		
Sosial deling :	<a href="#"></a> <a href="#"></a> <a href="#"></a> <a href="#"></a>		

## Arbeidsoppgåver

- Pasientretta arbeid knytt til pleie, omsorg og behandling for dei som bur på Nordliheimen – enten dei er der på korttids- eller langtidsopphald
- Samarbeida med pasient og pårørende, og gje bistand og opplæring i praktiske gjeremål, eigenomsorg og stell
- Rapportere og dokumentere i tråd med interne rutinar og gjeldande lovverk

## Kvífor begynne å jobbe hjå oss?

Dersom du begynnar å jobbe hjå oss vil du bli ein del av eit kjekt arbeidsmiljø, der du får bryna deg på spennande og utfordrande oppgåver. Du vil få ei bratt læringskurve, med god oppfølging og støtte frå dine medarbeidrarar. Vi er svært opptekne av at våre tilsette skal få kontinuerleg fagleg og personleg utvikling, og er derfor opne for vidareutdanning og å dele kunnskap med kvarandre. Til tross for travle arbeidsdagar er det høg takhøgde - der vi ler og har det godt saman på jobb. Du vil få svært givande arbeidsoppgåver, og vere med å gjere ein forskjell!

I Austrheim kommune har vi gode pensjonsordningar.

## Kven er du og dine eigenskapar?

Til desse stillingane er vi jakt på deg som er genuint interessert for å jobbe med eldreomsorg. Derfor vil vi at både erfarne og uerfarne - på lik linje som utdanna eller ikkje - søker. Du må trivst med ansvar og utfordringar, og vektlegge trivsel, kvalitet og samarbeid. Du må vere trygg på deg sjølv, og arbeide godt både sjølvstendig og saman med andre. Det er essensielt at du meistrar digitale løysningar, og har evnen til å lære nye dataprogram ved behov.

Eit anna krav for å sökje på desse stillingane er at du meistrar norsk både skriftleg og munnleg, og har gyldig politiattest. Dine personlege kvalifikasjonar vil bli vektlagd.

**Dersom du har spørsmål er du hjarteleg velkommen til å kontakte einingsleiar Åse T. Låstad på telefon: +4794506752.**

## Anna informasjon

- Alle nyttilsetjingar blir gjort med ei prøvetid på 6 månader.
- Vi gjer merksam på at i følgje Offentleglova § 25, 2. ledd, kan opplysningars om søker bli offentleggjort sjølv om søker har oppmoda om ikkje å bli ført på offentleg søkerlista. Søker som har bedt om unntak, vil bli varsla før søkerlista blir offentleggjort.
- I tråd med helse- og omsorgstenestelova § 5-4 vert det stilt krav om tilfredsstillande politiattest når du byrjar i stillinga.

## Sætremarka 2, 5943 AUSTRHEIM, Norge



[📍 Opne vegbeskriving ↗](#)

## Kontaktinformasjon



**Åse Tresvik Låstad**

Einingsleiar

✉ Ase.Lastad@austrheim.kommune.no

Austrheim kommune (ca. 3000 innb.) Tett på Bergen og industriebygda Mongstad, er utgangspunktet for utvikling av framtidsskommunen til stades. Naturen og kulturen i det særprega kystsamfunnet er kanskje det viktigaste grunnlaget for gode liv i Austrheim - både om du flyttar hit for ein spennande jobb, eller om du ynskjer å vere med å skape livskvalitet for dei som allereie bur her. Austrheim inviterer deg til opne landskap - med eit ope sinn!

